


UTVIKLINGSPLAN SVILAND SKULE

2023-2024



Innholdsfortegnelse

UTVIKLINGSPLAN SVILAND SKULE 2023-2024	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Visjon og verdier.....	1
Målgruppe for planen.....	1
Skulens organisering.....	2
Læringsstøtte.....	3
Tilpassa opplæring	3
Trivsel	4
Strategi for utvikling av eit profesjonelt læringsfellesskap	4
Tidleg innsats	5
Skulebasert vurdering	6
Skulens andre planar	6

Visjon og verdier

Sviland skules visjon og verksemd, er forankra i kommunens overordna visjon:
"Sandnes - i sentrum for framtiden" med verdiane **romslig, modig og sunn.**

Visjonen til Oppvekstsektoren i Sandnes kommune er
"På lag for livslang lærelyst" med verdiane **verdsettande, inkluderande og medskapande**

På Sviland skule har vi vår eigen visjon for å gi oss ei god rettesnor i vårt daglege arbeid:



Sviland skule
Saman om læring og glede!



Trygg

Raus

Kreativ

Målgruppe for planen

1. Elevane
2. Føresette
3. Kollegiet
4. Skuleeigar
5. Samfunnet

Det er elevanes sin læring som er hovudfokuset med skulens verksemd. Vi skal støtte føresette sin utvikling og danning av elevane våre.

For å lykkast med dette må vi utvikle vår eigen praksis, i eit profesjonelt læringsfellesskap. Vi gjer dette med støtte og i samspel med skuleeigar og samfunnet rundt oss.

Skulens organisering

Sviland skule har dette skuleåret 136 elevar og 25 tilsette. Nynorsk er hovudmål, men på alle trinn er det elevgrupper som har bokmål.

Skulen har satt av 2,5 timer i veka på tysdagar og torsdagar til utviklingsarbeid og kompetanseheving. I tillegg deltek representantar frå skulen på nettverk i Sandnesskolens regi, samt at skulenettverk 3 har dei siste åra samarbeida om å utvikle klasseleiinga. Dette gjer oss mogelegheit til å utvide det faglege fellesskapet.

Kvalitetsplanen for et heilskaps utdanningsløp i Sandnes kommune, skapar dei vidare rammane for vår lokale satsing.

Sektormål for grunnopplæringa er:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial.
- Dei ansatte i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lykkast i opplæringa og utdanninga.

I tilknytning til visjonen arbeidar vi systematisk med haldningsarbeid og trener på sosiale ferdigheiter og eigenskapar. Vi ønsker eit trygt og godt skulemiljø som fremmer og aukar elevanes læringsutbytte.

På Sviland skule:

- Er alle elevane våre.
- Legger vi til rette for tilpassa undervisning slik at alle elevane kan oppleve framgang og mestring.
- Har vi gode system for tidleg innsats.
- Jobbar vi systematisk for å sørge for god autoritativ klasseleiing og eit optimalt læringsmiljø for våre elevar.
- Har vi tett kontakt med føresette, sidan vi er saman om læring og glede!

Læring skjer saman med andre. Læring har noko med relasjonar å gjere, og ein lærar gjennom å delta i fellesskap med andre. Vi vil vere ein lærande skule som legg til rette for at alle medlemmar i organisasjonen kan delta i ulike praksisfellesskap, og gjennom det oppleve utvikling gjennom samhandling med andre. Ein viktig del av dette fellesskapet er vår deltaking i ulike prosjektar gjennom Erasmus+. Det er viktig for Sviland skule at våre elevar forstår at dei er ein del av eit større kollektiv, og at deira forståing av humanisme og globalisering styrkast.

Dei tilsette skal lese teori, diskutere og prøve ut – evaluere og kome med forslag til nye tiltak der dei gamle tiltaka ikkje har hatt effekt. Dette skal vere ein kontinuerleg prosess.

Vi skal leggje til rette for læring hos enkelteleven, i grupper og i organisasjonen. Tilpassa opplæring er viktig for elevane si oppleving av mestring og påverkar deira motivasjon for skulearbeidet. Tilpassa opplæring handlar om å stille krav og forventningar som er realistiske. Det dreier seg om å balansere mellom å gje faglege utfordringar på den eine sida, samstundes som ein gjer støtte på den andre.

Gjennom arbeid i lag skal lærarane vurdere eigen praksis, og få til eigen fagleg utvikling, slik at dei heile tida er med på å utvikle Sviland skule til ein god læringsarena for elevane våre. Ved å timeplanfeste samarbeidstid og arbeid med teori, sikrar vi oss at alle er med. Dette er ein felles plan som krev tilslutning og lojalitet frå alle tilsette.

Gjennom analyse av resultat og vurdering av kva kvalitet vi ønsker å vidareutvikle på Sviland skule har vi vald ut at vi ynskjer å ha fokus på lesing for å auka elevanes læring. For å klare dette vil i legge inn kjernekomponentane læringsstøtte, tilpassa opplæring og trivsel.



Læringsstøtte

Læraren som leiar av klassen er den enkeltfaktoren som har størst betydning for læringsmiljøet og læringa til elevane. Klasseleiing handlar om å skape eit positivt klima, etablere arbeidsro og motivere til arbeidsinnsats. For å klare dette, er det avgjerande at ein skapar gode relasjonar til elevane. Lærarane må drive god klasseleiing gjennom tydelege krav og einsarta framferd. På den måten kan vi skape arbeidsro og gode vilkår for læring for elevane.

Elevane må gjerast ansvarlege i høve til skulearbeidet og læringsmiljøet ved at læraren legg lista høgt og følg elevane tett opp.

Tilpassa opplæring

Vi er forplikta til å arbeide kontinuerleg for god vurderingspraksis, og elevane våre skal gjennom elevundersøkinga svare at dei skjønner kompetansemåla, og at dei veit kva det må gjere for å bli betre i faga. Elevane skal vere nøgde med vurderingspraksisen på skulen, og dei skal oppleve at læraren involverer dei aktivt i eige arbeid.

Vi vil bruka relevant teori og forskning for å finne gode metodar og praksis for å skapa aktive, nysgjerrige og lærelystne elevar som kan sette ord på eiga læring.

Trivsel

I fylgje med kapittel 9A i opplæringsloven, der det stadfestast at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø, vil vi alltid ha eit spesielt fokus på dette.

Vi arbeidar vidare med å skape systematikk rundt delar frå Folkehelse og livsmestring i Fagfornyinga. Vi brukar programmet Smart oppvekst, som skal hjelpe å utvikle sosial kompetanse og gi trening på sosiale ferdigheiter. Vi brukar også andre ressursar i arbeidet, til døme RVTS sitt LINK.

Målet er å skape elevar som er emosjonelt robuste og i stand til å takle kvardagens utfordringar på ein positiv måte.

Aktivt samarbeid med elevråd, FAU og SU/SMU skal sørge for eit robust og godt nettverk for å sikra ein vidare god utvikling for elevanes skulemiljø. I samanheng med aktivitetsplikten har vi og ein vekesjekk for elevane frå 3.-7. trinn, der dei blir spurd om dei har det trygt og godt på skulen.

Strategi for utvikling av eit profesjonelt læringsfelleskap



Skuleåret 2023-2024 supplerar me med boka «Se eleven innenfra – relasjonsarbeid og mentalisering på barnetrinnet». Dette er i tråd med Sandnesskolens satsing på Traumebevisst omsorg, teori som Sviland skule har arbeida med sidan 2016-2017. Utviklingsarbeidet fylgjer årshjulet til Sviland skule, og er forankra i «Tysdagstid» som er leda av leiinga, samt vidare arbeid ved behov i lagmøte på torsdagar.

Skulen prøver heile tida å sikre ei god forståing av konseptet PLF - profesjonelt lærande fellesskap. Me har særleg teke i bruk Pål Roland sin teori. Me har brukt god tid på å forstå kollektiv kapasitet. Dette for å takla stress på ein betre måte. Skulen les og ser relevant teori og artiklar innan oppvekstsektoren og drøftar det i fellesskap. Skulen har over lang tid hatt særleg fokus på den vaksne rolla si i møte med utfordrande åtferd, og har etter kvart utvikla ein robust organisasjon for å handtera den slags utfordringar på ein god måte. Skulen ser nytte i å repetera innanfor dette temaet jamleg, då trening skaper betre resultat.

For å ytterlegare forsterka det profesjonelle faglege fellesskapet, har me dei siste åra teke i bruk metodikk og teori frå boka Trygt og godt skulemiljø - Inkludering fagleg og sosialt. I tillegg har me teke i bruk modular frå Udirs kompetansepakke med same tittel. Dette for å sikra at me er i tråd med kommunens og skulen visjon og verdiar i møte med elevane våre.

Me har også stor nytte av å delta i ulike prosjekter gjennom Erasmus+, der våre tilsette vert kjend med nye metodar og praksis dei sjølv kan ta i bruk. Denne type erfaringsdeling og modellering er no blitt ein svært viktig del av vårt årshjul og utviklingsarbeid med omsyn til den pedagogiske praksis ved Sviland skule.

For å utvikla ein god møtekultur, har me teke i bruk element frå Knut Roald sin teori om Lærande møter. Det er også lagt ein god struktur for møta gjennom året. Årshjulet til skulen inneheld ei oversikt alt av møte, arrangement og anna som er relevant for drifta. I kombinasjon med ei god intern informasjonsside med alle relevante linkar, opplever me at skulen byrjar å få ein god struktur for drift og utviklingsarbeid.

Tidleg innsats

Skulen har dei siste to åra utvikla eit velfungerande system for kartlegging og tiltak i byrjaropplæringa. Byrjaropplæringa er strukturert og del av periodeplanane våre som er i tråd med fagfornyninga. Parallelt med klasselærer sitt opplegg, følgjer TPO-teamet opp med styrking og tiltak med låg terskel, for at alle elevane skal henga med i bokstavinnlæringa og lesetreninga. Før me set i verk eventuelle tiltak, har læraren ein samtale med eleven det gjeld, for å finna ut korleis dei kan tenkja seg å få hjelp. Så tilpassar me oss så godt me kan til det som kjem fram.

Skulen har i tillegg til periodeplanar som følgjer kompetansemåla i den nasjonale læreplanen også ein leseplan for alle fag og trinn, som støttar opplæringa med kva lesekompetanse som skal trenast på i løpet av skulegangen. Ved at alle jobbar med utgangspunkt i at dei er leselærar, er dette med og styrkjer ferdigheiter og kompetanse hos elevane.

I tillegg til små drypp av lesetrening og styrk hos enkeltelevar/mindre grupper på småskuletrinn, blir det også gjennomført meir intensive lesekurs for mindre grupper over ein 8-vekers periode. Dette har skulen tru på aukar lesekompetansen hos dei som ikkje skårar under kritisk grense, og vil gjera at fleire heng med vanleg undervisning vidare i skuleløpet.

Anna kvar veke har Ressursgruppa møte, der gruppa i tillegg til faglege utfordringar drøftar sosialpedagogiske utfordringar. Eigna tiltak blir sette inn ved behov, og i samråd med støttesystem.

Skulebasert vurdering

§ 2-1. Skulebasert vurdering

Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.

Skulebasert vurdering er et viktig moment i kvalitetsarbeidet ved skolen. Årshjulet frå Sandnesskolen hjelper til å halde ein rød tråd i vurderingsarbeidet.

September	Nasjonale prøvar gjennomførast	
Oktober/ November	Foreldreundersøking Elevundersøking 5.-7. trinn	Resultat brukast lokalt til justering av praksis, samt i resultatvurderinga som skrivast tidlig vår.
	Resultat nasjonale prøvar offentliggjerdast	Resultat brukast i utviklingsarbeid fellestid lokalt på skulen, for å justere undervisningspraksis, samt identifisere fokusområdar. Brukast også i resultatvurderinga tidlig vår.
Mars/April	Obligatoriske og frivillige kartleggingsprøvar (Udir)	Resultat brukast for å justere undervisningspraksis, samt identifisere fokusområdar.

For å gå gjennom hele kvalitetsløypa, slik at en sikrer at det også skjer en kvalitetsutvikling i skolen, er det viktig å iverksette naudsynte tiltak ut fra de funnene som er gjort i det utvalgte kunnskapsgrunnlaget. Dette skjer kontinuerlig gjennom det daglege arbeidet, men det skjer også ved å bruke resultatene gjennom utviklingsarbeid i fellestid og lagtid.

Skulens andre planar

Du kan finne desse planane for verksemda på heimesida under menyen «Plandokumentar»

1. Plan for eit trygt og godt skulemiljø ved Sviland skule.
2. 9A – rett til eit trygt og godt skulemiljø.
3. Kommunal forskrift om ordensreglement for Sandnesskolen.
4. Plan for trafikkisikkerheit ved Sviland skule.
5. Alle elevane er våre – eit strategi og læringsdokument i Sandnesskolen.
6. Kvalitetsplan for et helhetlig utdanningsløp i Sandnes kommune.
7. Kompetanseutviklingsstrategi for tidleg innsats og kvalitet i tilpassa opplæring.
8. Beredskapsplan for Sviland skule.